

ÅRSMELDING

For Nordfjordakademiet 2020


Årsmelding
2020



NORDFJORD
AKADEMIET



FØREMÅL




EFFEKTMÅLET TIL NORDFJORDAKADEMIET ER Å
UTARBEIDE EIT TILTAK SOM GJEV VEKST OG
VERDISKAPING I NORDFJORD GJENNOM Å REKRUTTERE
NYE INNBYGGJARAR OG KOMPETENT ARBEIDSKRAFT PÅ
EIN INSPIRERANDE OG FRAMTIDSRETTE MÅTE.

Nordfjordakademiet sitt hovud fokus er å følgje unge i Nordfjord gjennom heile utdanningsløpet for å auke kompetansen deira når det kjem til val av yrke, samt lage eit grunnlag for god kommunikasjon mellom skular, næringsliv og kommunar slik at ein på lengre sikt vil framsette Nordfjordregionen som ein attraktiv bu- og bli-destinasjon. Med tid vil tiltaket sørge for rekruttering av unge tilbake til Nordfjord, noko som på sikt vil sikre eit bærekraftig næringsliv for regionen.

Nordfjordakademiet har aktivt arbeida for å:

- Vere eit «knytepunkt» for både næringsliv, lokal ungdom/unge og heimflytterar. Dette igjennom både sosiale mediar og samlingsplassar/arrangement der medlemsbedrifter og ungdom/unge vaksne kan møtast, opprette kontakt, gje og ta imot opplevingar og tilbakemeldingar (Covid19 satt sine begrensingar i 2020, difor vart digitale-arrangement i fokus)
- Vere ein positiv samarbeidspartner innan rekruttering for næringslivet i Nordfjord
- Utvikle konkrete tiltak for born og ungdom for å betre deira kunnskap og kjennskap til arbeidsmoglegheitene Nordfjord
- Sette i gong ein prosess for å kartlegge ungdom som forlèt Nordfjord, samt begynne ei kartlegging for deira val av høgare utdanning. Dette som basis for å knyte kontakt med nordfjordingar som har utdanning som det er trøng for i Nordfjord
- Etablere ei heimeside der selskap i Nordfjord samla kan presentere moglegheiter for arbeid og engasjement for ungdom/unge og vaksne (deriblant etablering av Heia Nordfjord!)
- Kartlegge behov for kompetanse og framtidig rekrutteringsbehov i næringslivet for på denne basis være ein pådrivar for å utarbeide kurs/ kompetanseheving og arrangement

NORDFJORDAKADEMIET ER EI IDEELL FORENING, OG IKKJE NÆRINGSDRVANDE. FORENINGA HAR IKKJE TIL FØREMÅL Å DRIVE MED ERVERV ELLER GJE ØKONOMISK OVERSKOT.



KONTAKT

NORDFJORDAKADEMIET

Stifta 12 DESEMBER 2019

Org.nr 924 378 492

NORDFJORDAKADEMIET ER EIN IDEELL ORGANISASJON SOM SKAL DEKKJE MEDLEMSBEDRIFTER
OG KOMMUNAR I REGIONEN NORDFJORD.

Besøksadresse

Stryn Vidaregåande Skule

Postadresse

Hegrevegen 1,
6783 Stryn

Kontaktperson

Tonje Bjerkan
Dagleg Leiari

Telefon

940 57 325

E-post

tonje@nordfjordakademiet.no

Webside

www.nordfjordakademiet.no

Facebook

facebook.com/nordfjordakademiet

Instagram

instagram.com/nordfjordakademiet/

LinkedIn

linkedin.com/company/nordfjordakademiet/

03

VERKSEMDA SITT FØREMÅL

Nordfjordakademiet sitt føremål med etableringa.

INNHOLD

04

KONTAKT

Nordfjordakademiet sin kontaktninformasjon.

06

UTTALE FRÅ DAGLEG LEIAR

Dagleg leiar si uttale om Nordfjordakademiet.

07

ADMINISTRASJON

Oversyn over administrasjonen i Nordfjordakademiet.

07

STYRET

Styret i Nordfjordakademiet.

09

MEDLEMSBEDRIFTER 2020

Medlemsbedrifter ved utgangen av 2020.

10

STYRET SI BERETNING

Styret si beretning for 2020.

11

UTTALE FRÅ STYRET

Styreleiar omtalar etableringa og styret sitt arbeid.

12

AKTIVITETAR&MILEPÆLAR

Viktige milepælar og aktivitetar i 2016.

UTTALE FRÅ DAGLEG LEIAR

Som følgje av eit behov i regionen stifta styret til Nordfjord opplæringskontor den 12 desember 2019 Nordfjordakademiet.

Dagleg leiар i Nordfjordakademiet vart tilsett 1 mars 2020 av Nordfjord opplæringskontor, og Nordfjordakademiet blei vidare registrert som ei ideell forening i Brønnøysund registeret 24 mars 2020.

Nordfjord opplæringskontor gikk inn med eit oppstartslån og i mars 2020 mottok Nordfjordakademiet 100 000kr frå Stryn Næringsamskipnad - dette var startskotet for Nordfjordakademiet!

Deretter har Nordfjordakademiet i 2020 jobba inn:

- | | |
|------------------------------|-----------|
| • Medlemskontigent | 52 000kr |
| • Tilskot frå Nordfjordrådet | 150 000kr |
| • Tilskot frå: | |
| • Sparebanken SFJ | 300 000kr |

Målet til organisasjonen er at ein skal vere sjølvgåande økonomisk i løpet av 2025.

Dagleg leiар vil særleg takke dagleg leiар i Nordfjord opplæringskontor, Tom-Øyvind Solheim, for eit utruleg tett og godt samarbeid i etableringsåret. Gjengen i Nordfjord Opplæringskontor har vore ei viktig brikke i oppstart/dagleg arbeid/ støttespelerar for framdrift av Nordfjordakademiet.

Vidare vil dagleg leiар takke koordinator skule og næringsliv Stryn og Hornindal, Torstein Tvinnereim, for eit strålende samarbeid og nyttige bidrag. Takka vere dette samarbeidet har dagleg leiар fått blitt kjent med elevar og rådgiverar, samt vert med på mange viktige skulebesøk. Dagleg leiар vil særstakke eit fantastisk styre som har kontinuerleg vert tilgjengelege for gode råd og stilt opp igjennom heile året.

2020 har naturleg nok vert eit spanande og omfangsrikt år der etablering av resursar, utvikling av strategiar, danning av kontaktnettverk, oppsøking av heimflytterar og forankring av samarbeidspartnerar har stått i fokus.

Våren 2020 var ei utfordrande tid der Covid19 tok verden og ein var i startgropa av ein pandemi. Eit samfunn som var i sterkt utvikling og klart for nye

initiativ, blei plutsleig nedstengt og måtte legge seg til nye rutinar og hyppig digitalisering. Dette var utfordrande for alle.

Nordfjordakademiet har likevel hatt eit veldig aktivt år. Vi har etablert rutiner for oppfølgjing av heim/tilflytterar der vi tek regelmessige oppfølgjingssamtalar, eller møter, minimum kvar tredje månad for å kartlegge beste veg til Nordfjord. Vi ønskjer vidare å etablere like god oppfølgjing av alle vi på sikt rekrutterar tilbake til Nordfjord, dette for å gi desse best mogleg start på opphaldet sitt. Sosiale arrangement og tettare oppfølgjing av våre medlemsbedrifter vil stå meir i fokus i tida framover.

I løpet av 2020 fikk foreininga 8 medlemsbedrifter i Stryn og ei i Bremanger. Alle særstakke spanande bedrifter med gode og engasjerte leiarar som gjerne spelar inn til gode samtalar og samarbeid.

Nordfjordakademiet har i løpet av året gjennomført mange spanande møter og presentasjonar for både kommunale og private næringsdrivande og i skular/klassar. Vi har etablerte eit tett og godt samarbeid med Stryn Vidaregåande Skule og fikk kartlagt avgangselever ved både Stryn og Eig VGS våren 2020.

For å følgje opp og halde kontakt med desse flotte elevane vidare har Nordfjordakademiet etablert klubben Nordfjord Alumni. Alle som forlét VGS i Nordfjord vil få ein spesiell invitasjon for å delta i denne gruppa, men dette er like viktig eit tilbod til alle som gjerne vil vite litt meir om, eller som ønskjer seg til Nordfjord.

Nordfjordakademiet fikk tidleg i løpet presentere til Nordfjordrådet, noko som har vore starten på eit godt og særstakke viktig samarbeid. Nordfjordrådet tildele Nordfjordakademiet oppstarts tilskot og gjennom hausten 2020 var Nordfjordakademiet med leiар i Nordfjordrådet, Alfred Bjørlo, rundt på besøk til alle næringsorganisasjonane og kommunestyra i Nordfjord for å presentere og forankre foreininga som ein samla strategi for regionen når det gjeld å auke valkompetansen hjå ungdom på å velje Nordfjord som bu- og arbeidsplass.

UTTALE FRÅ DAGLEG LEIAR FORTS.

Nordfjordakademiet vil vidare jobbe for å etablere samarbeid i heile Nordfjord opp mot både bedrifter, kommunar og skular.

For å auke kompetanse på å velje Nordfjord som arbeidsplass har Nordfjordakademiet etablert «Jakta på Superkreftene». Eit program som skal introdusere lokalt næringsliv og lokale mulegheiter til born heilt ned i barnehagealder. Ideen og prosjekt-planen til «Jakta på Superkreftene» er utvikla, og Nordfjordakademiet vil jobbe vidare med resursar til å kunne utføre prosjektet.

Hausten 2020 etablerte Nordfjordakademiet tett kontakt med Vetsland Fylkeskommune og fikk i oktober tildelt eit statleg prosjekt kalla Kompetansepilot.

Nordfjordakademiet skal i 3 år framover leie prosjektet Kompetansepilot Nordfjord som skal kartlegge behova for kompetanseheving i næringslivet i regionen og danne ei oversikt over kva som trengs av etter- og vidareutdanning. I prosjektet har Nordfjordakademiet knytt på seg viktige regionale samarbeidspartnerar.

Like før årsskifte fikk Nordfjordakademiet beskjed at Stryn Kommune hadde godkjent medlemskap i Nordfjordakademiet fram til 2024. Dette var starten på eit tett samarbeid med kommunen, og dagleg leiari vil takke HR.sjef Nils-Petter Hauge for gode råd og samtalar.

Vi ser at dei tenestene som Nordfjordakademiet har levert i 2020 har verka positivt både for bedrifter og kommunar i regionen, og ikkje minst står foreininga som eit viktig kontaktpunkt for dei som ønskjer å flytte heim til Nordfjord, og utflytta ungdom som no studerar på ulike universitet i Norge.

Nordfjordakademiet registrerer ei positiv effekt for våre medlemsbedrifter ved å spre kjennskap om arbeidsmulegheiter til lokale elevar og studentar.

Mars 2020 vil bli hugsa som månaden der verden stengte grunna COVID19, så eg er i dag særst stolt av å kunne vise til ei foreining som har fått mykje positiv interesse og får vere med på alt godt samarbeid i regionen vår.

Vi er svært takknemlege for våre medlemsbedrifter som i 2020 har vist oss tillit ved å inngå eit samarbeid i ein langsignt strategi for å auke kompetansen om å velje Nordfjord som arbeidsplass.

Mvh

Tonje Bjerkan

ADMINISTRASJON

Nordfjordakademiet har sidan starten 1 mars 2020 vore leia av Tonje Bjerkan.

Dagleg leiari jobbar i dag i ei 100% stilling.

Nordfjordakademiet nyttar Sparebanken Sogn og Fjordane som bankforbinding, pensjon og forsikringsleverandør.

Nordfjordakademiet nyttar Hornindal Rekneskap til rekneskapsarbeid, lønn og årsavslutning. Hornindal Rekneskap er autorisert rekneskapsførarselskap.

Nordfjordakademiet har ikkje revisjonsplikt i henhold til revisjonslova, og vedtekten til foreininga tek omsyn til dette.

Nordfjordakademiet er per året 2020 ikkje skattepliktig då kontoret ikkje har til føremål å drive økonomisk erverv. Ref. skattelova. § 2-32 fyrste ledd.

STYRET

Styret i Nordfjordakademiet har sidan etablering vore det same styret som i Nordfjord opplæringskontor. Ved utgangen av 2020 var styret samansett slik:

Styreleiar: Tom-Øyvind Solheim

Nestleiar: Anita Vinsrygg

Styremedlem: Geir Arne Solheim

Styremedlem: Torfinn Moen

Styremedlem: Aleksander Almås Jørgensen
(lærlingrepresentant)

Styremedlem: Torstein Tvinnereim

Styret i Nordfjordakademiet har gjennomført 4 møter i 2020. Dei viktigaste sakene har vore å støtte dagleg leiari i arbeidet med oppstart og etablering av foreininga, samt utvikling av strategiar, oppretting av samarbeidspartnerar og finansieringsplanar.





[View this email in your browser](#)

NORDFJORD AKADEMIET
FØRSTE UTKAST
REKRUTTERINGSMÅL JUNI 2020.

VI HAR EI GRUPPE SOM
VIL HEIM -
**TRENG DU
FLEIRE
TILSETTE?**

WWW.NORDFJORDAKADEMIET.NO

Ein rask post på sosiale medier fikk stor respons! Vi har no ei gruppe som vil flytte heim igjen, men dei leitar etter jobb. Er kanskje her noko av interesse for deg?

Søker jobb innen: Markedsføring, kundeservice, event koordinator eller administrasjon
ViL heim: August 2020

- Skal få to av fem tilbake

Det nyetablerte Nordfjord-akademiet håper å bidra til å snu den negative folketalsutviklinga. – Recrutering er kritisk for regionen vår, seier dagleg leiar Tonje Bjerkán.

Heia Nōrdfjord
so mykje
so kjekt
so flott



8 TYSAG 17 NOVEMBER 2020 FJORDINGEN

Klikk! – Det er veldig kjekt at Nordfjord er valt for denne kompetanseplaten, som er ein del av eit nasjonalt prosjekt, seier Tonje Bjerkán, leiar for Nordfjordakademiet.

Får 4,4 mill. til prosjekt leia av Nordfjordakademiet

• Mål er å få til ett europeisk kompetansesenter hos tilsette og som dermed også sørkar konkurransesett til dei lokale bedriftene i framtid

Så vi starta med å få et analyse av tilboda i dag. Etter at overblikk over aktuar og mognad til arbeidsmiljøet, seier Tonje Bjerkán.

Spør om salgsstrategi
Tonje Bjerkán, prosjektleiar

– Det er ettersatt å få bedrifter til å bruke kompetansen til det lokale yrkeslivet og vere en bindende medlem i ungdomskommunen, og det månedsvis gjennom Nordfjord som region og valt av fylkeskommunane som både er Nordfjord og Nordland, seier Tonje Bjerkán, leiar for Nordfjordakademiet.

Det er Nordfjordakademiet som skal ha prosjektet der Faglens og Sjøs og Pyramide også har sette sin vekt på.

Helsedepartementet er blitt annonsert som støttespillerar blant anna næringsorganisasjonar i Nordland, Nordnorsk universitet, Folkehelseinstituttet, Innova Nordhordaland virtuelle campus, politiske partiar og Nordnorsk sentring og Nordpoldrift.

Vat av fylkeskommunen
Nordfjordakademiet, som skal ha hovedkontor i Molde, har også lagt med å følge lokale ungdoms- og ungdomsopplæringar og i sylinderform, både til å

bringe opp kompetanser med spesiell vekt på det lokale yrkeslivet og vere en bindende medlem i ungdomskommunen, og det månedsvis gjennom Nordfjord som region og valt av fylkeskommunane som både er Nordfjord og Nordland, seier Tonje Bjerkán, leiar for Nordfjordakademiet.

Helsedepartementet meddeler at det styrker med eitt kompetansesenter med eitt konkurransesett til alle bedriftene i verket som skal ha ettersatt å få medlemmer til og ressurser til å finne relevante oppdrag.

Næringsbygg Nordfjord
– Vi heilt i startstasjonen, og er veldig fornøyd med at vi har fått støtten fra fylkeskommunen, seier Tonje Bjerkán.

– Vi har ikke fått tilgang til å få utgangspunkt i et verk, som adskiller kompetansen hos tilsette og som dermed også arbeider med å få ettersatt å få nye bedrifter i framtid.

Gjennomført
Gjennomført av Nordfjord teknologi er et godt tilbod.

Miljøet fra Konservativt (QMB) er veldig positivt til dette prosjektet omkring et stort samarbeid mellom fylkeskommunene som rettar seg mot fylkeskommunene. Det er veldig godt at KMB har styrkt prosjektet vårt og også fortsett å støtta det, seier Bård Sandal, fylkesdirektør for innovasjon og næringsspoling.

Gunnhild Simrø
gsm@innovasjon.no

Mål med prosjektet som rettar seg mot små og mellomstore private bedrifter, er å få ettersatt til nye bedrifter.


I totalt 20 område

Det er kompetansespolinga på veggen, og det er ettersatt at fylkeskommunene som har ettersatt til verk, vil tillegg til verdifull fokus. Det er viktig for KMB at alle områda til verk, for å få tilgang til relevant kompetansespoling, til verk. Det er viktig for KMB at alle områda til verk, for å få tilgang til relevant kompetansespoling, til verk.

– I tillegg til verdifull fokus, vil også bedriftena med å få ettersatt til verk, vil også få ettersatt til verk. Det er viktig for KMB at alle områda til verk, for å få tilgang til relevant kompetansespoling, til verk.

– Vi heilt i startstasjonen, og er veldig fornøyd med at vi har fått støtten fra fylkeskommunen, seier Tonje Bjerkán.

– Vi har ikke fått tilgang til å få utgangspunkt i et verk, som adskiller kompetansen hos tilsette og som dermed også arbeider med å få ettersatt å få nye bedrifter i framtid.



MEDLEMS-BEDRIFTER I 2020

Allereie 27 mars 2020 signerte HS Bygg ein avtale med Nordfjordakademiet, og med dette vart HS Bygg Nordfjordakademiet si aller fyrste medlemsbedrift.

Etter det har nye medlemsbedrifter kom til, og i løpet av året 2020 gikk Nomek AS, Stryvo AS, Termopartner AS, Energiselskapet Stryn AS, PreTre AS, Vendanor og Nordfjord Forsøksstasjon AS (Norsk Marin) inn som medlem av Nordfjordakademiet.

Naturleg er mange av medlemsbedriftene i den lokale omkretsen og Nordfjordakademiet vil jobbe for å ta opp medlem i heile regionen. Foreininga har som mål å dekkje 60% av sysselsettinga i Nordfjord innan 2025 og ved utgangen av 2020 har ein presentert for og opprettat kontakt med fleire potensielle medlem.

Vidare vedtok Stryn Kommune den 17 desember 2020 i Godkjenning av Handlings- og økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021, medlemskap i Nordfjordakademiet for åra 2021 - 2024.

Med dette vart Stryn Kommune Nordfjordakademiet si først offentlege medlemsbedrift.

Nordfjordakademiet har ved utgangen av 2020 også presentert initiativet for Gloppen, Bremanger og Stad Kommune. Alle er veldig positive til foreininga og oppfordrar Nordfjordakademiet å legge inn søknad til medlemsavtale. Dette vert følgt opp i 2021.



STYRETS BERETNING 2020



«Nordfjordakademiet har jobba i tråd med dei krav som er sett opp i samsvar med styrevedtak og etableringa av akademiet.»

Nordfjordakademiet forureinar ikkje det ytre miljø. Styret og dagleg leiar vurderar arbeidsmiljøet som godt.

Årsresultatet for 2020 viser eit positivt driftsresultat på kr 6.164,-. Sum eigenkapital og gjeld er kr 495.076,-. Driftsinntektene til Nordfjordakademiet var i 2020 788.408,-. Årsoverskotet overførast til eigenkapital.

Styret og dagleg leiar er tilfredse med å leve eit positivt resultat i etableringsåret for Nordfjordakademiet.

Styret og dagleg leiar meiner det er rett å leggje føresetnad om framleis drift til grunn ved avlegging av årsrekneskapen. Styret har nådd alle sine mål for 2020.

Stryn, 24.06.2020

Tom-Øyvind Solheim
Styreleiar

Anita Vinsrygg
Nestleiar

Torfinn Moen
Styremedlem

Geir Arne Solheim
Styremedlem

Aleksander Almås Jørgensen
Styremedlem

Torstein Tvinnereim
Styremedlem

UTTALE FRÅ STYRET

Gjennom Nordfjord opplæringskontor etablerte ein i 2020 vår nye satsing Nordfjordakademiet. Ei satsing som vi er særstolte over å ha etablert. Akademiet er ei heilt naudsynt etablering for å saman med kommunar og næringsliv kan sørge for å gi born og unge meir valkompetanse til yrkesval og eigne superkrefter, og jobbe for at endå fleire vel å flytte tilbake til Nordfjord etter endt utdanning.

Etter etableringa av akademiet kom vi raskt i gong med å finne den rette personen som dagleg leiar i akademiet.

Det gjorde vi! 3. mars 2020 tok den heimvendte Nordfjordingen Tonje Bjerkan til i stillinga som dagleg leiar. Etter over 15 år i Australia tok ho med seg familien sin og flytta til Stryn. Tonje har frå dag ein i akademiet bidrøge med stor entusiasme, pågangsmot og med hennar gjennomføringsevne har ho etablert og utvikla akademiet. Vi er særstolte over Tonje, og veldig glade for at vi har akkurat henne som dagleg leiar i akademiet.

Ved etableringa av akademiet viste undersøkingar at berre 1 av 5 kjem tilbake når ein har utdanna seg utanfor fylket. Ein av våre draumar er å snu dette talet til at 2 av 5 flyttar heim etter utdanning.

Å etablere Nordfjordakademiet i Covid året 2020 har sjølv sagt vore krevjande, men vi er

særstolte over at utviklinga akademiet har hatt i sitt første driftsår.

I tillegg til tilsettinga av dagleg leiar har styret sine viktigaste oppgåver i 2020 vore å støtte dagleg leiar med etableringa av akademiet, og saman jobbe for å at akademiet skal kunne nå sine mål.

Arbeidet har vore omfattande, og ein har saman staka ut kursen for akademiet. Vi er sikre på at Nordfjordakademiet blir ein suksess for å auke rekruttering til Nordfjord, og bidra til at fleire får kunnskap om det fantastiske næringslivet i Nordfjord.

Vi gler oss til å følgje akademiet framover, og er særstolte over at vi i 2020 kunne ynskje velkommen til over 10 nye innbyggjarar til regionen vår som direkte konsekvens av etableringa.

Styret er særstolte over at akademiet har starta med godt tempo, og ser stort fram til å utvikle akademiet vidare. Vi gler oss til at vi saman med kommunar og privat næringsliv igjennom satsinga skal få ynskje velkommen til endå fleire Nordfjordingar som flyttar heim til den fantastiske regionen vår, og samtidig sikre at born og unge får dei beste moglegheitene til å oppdage sine superkrefter og få ein stor kjennskap til næringslivet vårt.

Tom-Øyvind Solheim
Styreleiar

AKTIVITETAR OG MILEPÆLAR 2020

2020 HAR VORE EIT AKTIVT ÅR FOR NORDFJORDAKADEMIET. EIT PAR AV AKTIVITETANE OG MILEPÆLANE TEK VI MED HER.



Etablering av Nordfjordakademiet

Nordfjordakademiet er etablert for å svare på dei mange utfordringane regionen vår står over når det gjeld minkande folketal, utfordringar rundt rekruttering av riktig kompetanse og eit næringsliv som i nærmere framtid har mange som skal av med pensjon.

Ein har sett mange prosjekt rundt same initiativ. Nordfjordakademiet skal ikkje ha ein slutt dato, men skal vere ei felles satsing i regionen og over tid kunne bistå både bedrifter og dei som ønskjer å flytte til Nordfjord.

Kartlegging av elevar våren 2020

Tross ein pandemi fikk Nordfjordakademiet lov å besøke alle avgangselevar i Stryn og på Eid VGS våren 2020. Vi fikk den aller siste dagen med dei fantastiske Nordfjordstudentane før dei skulle ta fatt på ei ny reise i livet. I møtet med ungdommen fikk Nordfjordakademiet elevane til å svare på ein spørjeundersøkjelse slik at vi betre kan bli kjent med dei og finne korleis vi best kan halde kontakt med dei framover og såleis gje dei informasjon som er av interesse.

Ein heimflyttar på veg!

Allereie før året var omme hadde Nordfjordakademiet kontakt med fleire som ønskjer seg til(bake) til Nordfjord. Ein familie på fire tok valet og hoppa i det etter god dialog med Nordfjordakademiet.

AKTIVITETAR OG MILEPÆLAR 2020 FORTS.



Nordfjord Alumni

Nordfjordakademiet har eit langsiktig perspektiv der vi gjennom godt samarbeid med skulane ønskjer å kunne komme tett på elevane i Nordfjord og auke kompetansen på å velje Nordfjord som framtidig arbeidsplass.

For å kunne informere, halde kontakten med og fortsette dette arbeidet etter dei forlet regionen for å ta høgare utdanning, har vi etablert Nordfjord Alumni.

Alumni er latinsk for «tidlegare elev», men dette er også klubben for ALLE som ønskjer å halde seg oppdatert på muleheitene i Nordfjord og ta del i eit nettverk med andre.


Kompetansepilot Nordfjord

Nordfjordakademiet søkte hausten 2020 Vestland Fylkeskommune om tilskot til oppstart gjennom Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling.

Som følgje av dette blei Nordfjordakademiet utplukka til å vere prosjektleiar for eit nasjonalt prosjekt kalla Kompetansepilot. Søknad for dette vart godkjent i oktober 2020.

Dette er eit 3-årig prosjekt som skal avdekke behovet for kompetanseheving innan SMB i Nordfjord, for så mobilisere relevante vidare- og etterutdanningstilbod.

Gjennom prosjektet kunne Nordfjordakademiet starte jakta på å finne og tilsette den rette Nordfjord Pioneren til å leie fram prosjektet.



NORDFJORD
AKADEMIET

***Saman med våre medlemsbedrifter skal vi auke
kompetansen om å velje Nordfjord som
arbeidsplass!***



Nordfjordakademiet
Hegrevegen 1
6783 Stryn